



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Sigmund Bødal / 55516146 16/124831-19 25.01.2018

Klage på forvaltningsvedtak – Dispensasjon frå byggjegrøse Fv 555 Gbnr 11/59 i Sund kommune.

Statens vegvesen har mottoke klage på vårt vedtak av 10.11.17, der vi av slo søknad om dispensasjon frå byggjegrøse til Fv 555 frå gbnr 11/59 ved Førdepollen i Sund kommune.

Dokument i saka (utval):

1. Søknad om utvida bruk av avkjørsle/dispensasjon frå byggjegrøse – Enebolig – Rv 555 Gbnr 11/59 – Sund kommune. 15.08.16
2. Svar – Søknad om utvida bruk av avkjørsle/dispensasjon frå byggegrøse – Enebolig– Rv 555 Gbnr11/59 Sundkommune. 12.09.16
3. Revidert søknad om dispensasjon frå byggegrøse og uttalelse utvida bruk av eksisterende avkjørsle gbnr 11/59 i Sund kommune. 25.10.16
4. Svar –Revidert søknad om dispensasjon fra byggegrøse og uttalelse utvida bruk av eksisterende avkjørsel gbnr 11/59 i Sund kommune. Vedtak. 13.12.16
5. Avkjørsel/dispensasjon frå byggegrøse Rv 555 Gbnr 11/59. Søknad om utsettelse klage. 21.12.16
6. Avkjørsel /dispensasjon frå byggegrøse Rv 555 Gbnr 11/59 Sund kommune. Klage på avslag. 05.01.17
7. Stadfesting av utsett frist for klage på vedtak gbnr 11/59 Sund kommune 06.01.17.
8. Avkjørsel/dispensasjon frå byggegrøse gbnr 11/59 Sund kommune – Etterlyser svar 17.02.17
9. Svar – Avkjørsel /dispensasjon frå byggegrøse gbnr 11/59 Sund kommune – Etterlyser svar 22.02.17
10. Frafall av klage 21.06.17
11. Revidert søknad om dispensasjon frå byggjegrøse til Fv 555 gbnr 11/59 i Sund kommune. 27.05.17

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

12. Avslag revidert søknad om dispensasjon frå byggjegrænse gbnr 11/59. 02.10.17

13. Klage på vedtak, revidert søknad om dispensasjon frå byggjegrænse til Fv 555 gbnr 11/59 10.11.17.

Kva saka gjeld


Statens vegvesen mottok 15.08.16 søknad om utvida bruk av avkøyrsløse og dispensasjon frå byggjegrænse på Fv 555 i Sund kommune. Bakgrunnen for saka er at eigar av gbnr 11/59 ønskjer å gjere om ein eldre fritidsbustad ved Førdepollen i Sund kommune til heilårsbustad. Det vart søkt om ein dispensasjon frå byggjegrænse på 20 meter. Dette er den distansen som næraste del av fritidsbustaden har til Fv 555 i dag. Ved revurdert søknad frå Byggprosjekt as motteke hos oss 23.11.16 har ein lagt til grunn 15 meter byggjegrænse i søknaden (5 meter nærare Fv 555 enn dagens fritidsbustad). Denne søknaden vart avslått ved vedtak 13.12.16 av Statens vegvesen og påklaga 05.01.17. I brev av 21.06.17 vart klagen trekt, då ein hadde sendt inn ny revurdert plassering av bustaden i ein distanse på 26 meter 27.05.17. Statens vegvesen gav avslag på denne søknaden i brev av 02.10.17. Statens vegvesen har vore på staden og vurdert den trafikale situasjonen i området.

Byggjegrænse for Fv 555 er på 50 meter, jfr § 29 i Veglova. Rammeplan for avkøyrsløse og byggjegrænser i Region Vest legg også til grunn ei byggjegrænse på 50 meter. Fylkesvegen er lagt inn i haldningsklasse 2, gul sone. Eigedomen ligg soleis allereie innanfor byggjegrænse til Fv 555. Statens vegvesen har oppfordra søkjar til å finne alternativ plassering av bustad i ein distanse på minimum 30 meter. Med dette har ein allereie gjeve ein dispensasjon på 20 meter. Søkjar har først stått fast på ein distanse på 15 meter. Deretter ved revidert søknad har tiltakshavar endra plassering til 26 meter. Med bakgrunn i gjeldande regelverk og vurdering av den trafikale situasjonen på staden avlo vi først søknaden 13.12.16 og deretter revidert søknad 02.10.17. Statens vegvesen mottok klage på vårt forvaltningsvedtak 10.11.17.



Aktuelt område gbnr 11/59 på vestsida av Førdepollen i Sund kommune

Opphavleg vart det også søkt om løyve til bruk av eksisterande avkøyrsløp på staden. Statens vegvesen og tiltakshavar er samde om at tilkomst til Fv 555 må finne stad mot nord, inst i Førdepollen. Dette tilhøvet er likevel ikkje handsama vidare all den tid det ikkje er semje om plasseringa av ein eventuell framtidig bustad.



Oversiktleg kryss i nord med haldeplasser for kollektivtransport



Omsøkt tomt på gbnr 11/59, på høgre side av Fv 555 med eldre hytte og campingvogn

Vurdering

Fv 555 går frå Skogsskiftet til Kleppe via omsøkt område i Førdepollen og endar opp i Klokkarvik i Sund kommune. Forbi den aktuelle tomte går vegen i rett strekning over eit høgbrekk (sjå foto under). Døgntrafikken på Fv 555 på staden er opp mot 1500 biler. Fartsgrensa på staden er skilta til 50 km/t, men truleg er nok det reelle fartsnivået noko høgare, med ei rett strekning over eit lengre parti som innbyr til høgare fart.



Gbnr 11/59 med påståande eldre fritidsbustad ved Fv 555, mot sør.

Fv 555 er hovudvegen gjennom Sund kommune. Saman med Fv 198 utgjer dette eit heilskapleg vegnett slik at ein relativt effektivt kan nå rundt i kommunen. Fv 555 har ei byggjegrense på 50 meter. Situasjonen er slik at i området mellom Kleppe og Klokkarvik har ein spreidd busetnad, som med nokre unnatak ligg om lag 30 meter frå Fv 555. Vi har difor vurdert at der ein ønskjer å byggje nye bustadar i områder med busetnad frå tidlegare, har vi tillete dispensasjonar ned mot 30 meter for bustadhus. Vår vurdering har vore at med ein slik distanse kan ein klare å ivareta areal for framtidig vegutviding samstundes som trafikktryggleiken for dei som bur i området og ferdast lokalt ved Fv 555 vert ivareteken på ein tilfredstillande måte. I områder utan busetnad vil krav om 50 meter byggjegrense vere aktuelt.

Omsøkte eigedom vert i dag nytta som fritidseigedom. Så langt vi har informasjon om har eigedomen i dag ikkje køyrbar tilkomst. Det er eit ønske om å få realisert ombygging av den eldre fritidsbustaden til heilårsbustad. I utgangspunktet har Statens vegvesen ikkje motførestillingar til dette. Vi ser likevel det som uheldig å plassere ny bustad så tett opp til Fv 555 som det er søkt om. Dette går særleg på trafikktryggleik med fokus på barn og unge. Vår erfaring er at desto nærare fylkesvegen bustaden er lokalisert desto høgare er risikoen for at born og unge sin aktivitet kan kome i konflikt med biltrafikken. Det er i dag mogleg å

ta seg direkte frå eigedomen og ut på Fv 555. Dette vil kunne gje uheldige trafikale situasjonar, der mjuke trafikantar alltid vil bli skadelidande ved konfrontasjon med køyrety. Særleg påtrengande er dette ved at denne eigedomen er plassert like ved eit høgbrekk som er uoversiktleg. Det vil også vere ei utfordring for bilistane å oppdage folk i eller ved vegbana. Difor meiner vi at ein må byggje framtidig bustad lengre frå Fv 555, der ei byggjegrense på 30 meter må vere eit minimum.

Vidare ser vi at eigedomen ligg uheldig til med tanke på tilgang på trygt trafikktilbod til mjuke trafikantar, som gang og sykkelveg. Gang og sykkelveg eksisterer på denne strekninga, men berre på vestsida av fv 555. Soleis må ein frå eigedomen krysse Fv 555 over autovern på uoversiktleg stad for å nå dette. Det ikkje er tilrettelagt noko kryssingspunkt her. Særleg farleg vil dette vere i den mørke årstida. Austsida av Fv 555 manglar i dag trafikklys. Gang og sykkelvegen er skuleveg til Stranda skule på Forland. Det vil difor vere trong for å krysse Fv 555 dagleg. Statens vegvesen har eit særleg fokus på å sikre trygg skuleveg. Kryssing av Fv 555 skal finne stad der det er lagt opp til dette. I dette området vil det vere inst i Førdepollen. Det er fysisk mogleg å utføre kryssinga her, men mykje snarare å krysse ved høgbrekket når ein skal sørover. Dette er også vår erfaring frå liknande saker andre stader. Truleg kan dette bli eit uønska kryssingspunktet ein nyttar i framtida.

For å kunne bruke kollektivtransport må ein også krysse FV 555 via autovern og gå om lag 200 meter mot nord for å nå eit par med kollektivhaldeplassar. Kollektivhaldeplasser eksisterer også sør av høgbrekket. Statens vegvesen vurderer det som trafikkfarleg å krysse Fv 555 på staden. Like ved høgbrekket er det registrert ei trafikkulukke med utforkøyning med bil i 2012. Statens vegvesen vurderer at området har potensiale for trafikkulukker. Desto lenger frå fylkesvegen ein plasserer bustaden desto mindre attraktivt vil det vere å krysse Fv 555 på dette punktet, både som tilkomst til gang og sykkelveg og kollektivtilbod..

Som ein del av formålet med byggjegrensa, gjeld også formålet bruk av dette arealet til framtidig vegutviding. Dersom området aust av Fv 555 i Førdepollen vert utbygd i åra som kjem vil det til dømes vere trong for å utvide Fv 555 med tilbod til mjuke trafikantar mot aust. Fv 555 vil i ein eventuell slik situasjon kome vesentleg nærare inn på eigedomen på gbnr 11/59. Det vil då vere ugunstig for bumiljøet å eventuelt få Fv 555 nærare inn på eigedomen, dersom bustad er realisert i ein distanse på mindre enn 30 meter frå Fv 555.

Tiltakshavar har påpeika to saker i området, der dei meiner at Statens vegvesen handsamar dei som søkjar annleis enn andre. Dette gjeld to eigedomar på Børnes, noko nordaust av omsøkte eigedom. På gbnr 10/2 har Statens vegvesen gjeve eit løyve til bustad på 21 meter frå Fv 555. Denne saka gjaldt eit eldre bustadhus som vart teken ned med bakgrunn i dårleg stand og nytt vart oppført på same stad. Vi kan ikkje sjå at dette er endring i vår praksis. På gbnr 9/29 vart det i 2011 gjeve løyve for oppføring av eit bustadhus 14,5 meter frå Fv 555. Dette vurderer vi sjølv sagt til å vere uheldig og er ein feil frå vår side. Dette ein del år sidan. Sjølv om vi her har gjort ein feil, skal vi ikkje fortsette med å gjere feil. Vi vurderer sistnemnde som eit einskild tilfelle og at praksis etter nytt regelverk ikkje er endra, då dispensasjonar for bustadhus generelt ligg kring 30 meter på bustadar mellom Børnes og Kleppe. Så seint som i 2016 vart det sett krav til oppføring av bustadhus på Nedre Børnes på

30 meter frå senterlina av Fv 555. I desember 2017 vart det akseptert bygging av 4 bueiningar i ein distanse på 30 meter, noko lengre sørvest av Førdepollen. Ein dispensasjon frå byggjegrensa for nybygg under 30 meter frå Fv 555 vil skape ein uheldig presidents for framtida, noko vi ikkje ønskjer å utfordre trafikktryggleiken og 0-visjonen med.

Vi ser at Hilleren prosjektering viser til dialog mellom tiltakshavar og Statens vegvesen om eventuell oppføring av ny hytte på gbnr 11/59. Vi har sagt at vi kan vurdere å akseptere ny hytte på staden i same distanse som eksisterande hytte har. Vi vurderer det som logisk at ein i dette tilfelle kan etablere ny fritidsbustad der det allereie står ein i dag. Dette samsvarer med vår handsaming av bustadhuset på Børnes gbnr 10/2, nemnd ovanfor.



Aktuell tomt like nord av skogsområde på austsida av Fv 555

Tomta på gbnr 11/59 ligg i dag i eit område som er avsett til bustadføremål i kommuneplanen slik det vert opplyst i klagen 10.11.17. I same kommuneplan som viser bustadareal her, opplyser kommunen også at Fv 555 har ei byggjegrense på 50 meter. Statens vegvesen meiner dette er ein misvisande arealbruk, då bruken av eigedomen til bustadføremål i utgangspunktet vil krevje ein dispensasjon frå kommuneplanen. Tomta har ei utstrekning på om lag 42 meter frå kant av Fv 555. Omsøkt dispensasjon vil utfordre trafikktryggleiken på staden.

Samanfatning

Når det gjeld plassering av ny bustad vurderer vi at det i utgangspunktet skal finne stad i ein distanse etter gjeldande regelverk, altså Veglova § 29 og det som er lagt til grunn i Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegrenser vedteken av Hordaland fylkeskommune, og referert til i kommuneplanen for Sund kommune. Vi har tidlegare gjeve dispensasjonar i

dette området på kring 30 meter frå senterline Fv 555. Ein dispensasjon med ein slik distanse finn vi også mogleg å kunne gje i denne saka.

Samla sett vurderer vi tilkomst til gang og sykkelvegen på vestsida av Fv 555 som skuleveg og tilkomst til kollektivtilbod som både uoversiktleg og trafikkfarleg. Omsøkt plassering på 26 meter frå Fv 555, innbyr til kryssingar på trafikalt uheldig stad. Dette vil utfordre vårt faglege ansvar som i sterk grad gjeld trafikktryggleik og spesielt for mjuke trafikantar. På same måte vil 0 - visjonen om null hardt skadde og drepne i trafikken bli utfordra. Med ein dispensasjon på 30 meter vil ein truleg kunne halde aktiviteten ved eventuell ny bustad borte frå området ved fylkesvegen i ein tilfredstillande distanse og dermed truleg også i større grad unngå moglege konflikhtar mellom mjuke trafikantar og billistar. Ei byggjegrænse på 30 meter er på line med dei dispensasjonane som tidlegare er gjeve på Fv 555.

Ei eventuell framtidig vegutviding av Fv 555 med gang og sykkelveg på austsida vil få negativ innverknad på eigedomen. Ein eventuell dispensasjon i samsvar med vår praksis i området vil ivareta framtidig bumiljø på staden. Med dette som bakgrunn vil Statens vegvesen oppretthalde vedtak av 02.10.17 der vi av slo plassering av ny bustad 26 meter frå Fv 555.

Tilråding til vedtak

Vi vil med bakgrunn i ovannemnde oppfordrar Hordaland fylkeskommune til å støtte oss i å kunne ivareta trafikktryggleiken på staden, samt sikre tilgang på naudsynt areal for utviding av fylkesveg 555 i framtida.

Statens vegvesen rår til at vårt vedtak om avslag i denne saka av 02.10.17 heimla i § 29 i Veglova vert oppretthalden av Hordaland fylkeskommune.

Hanne Hermanrud
avdelingsdirektør

Anders Sæternes
seksjonsleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Hilleren Prosjektering AS, Skulebakken 2-4, 5355 KNARREVIK
Sund kommune, Postboks 23, 5371 SKOGSVÅG